

Til redaksjonen



# Pressemelding

02.11.2023

## Ny utviklingsplan for Vestland – eit berekraftsløft

**Blir vestlendingen klimaflyktning? Må velferda reddast av kunstig intelligens, eller bommar vi i arbeidet med det grøne skifte? Dette er nokre av utfordringane dei nye fylkespolitikarane tek med seg når den neste utviklingsplanen for fylket skal lagast. Fylkestinget vedtok oppstart av planarbeidet 2. november.**

– No skal vi sette retning for utviklinga av Vestland, i lag med innbyggjarar, kommunar, organisasjonar og næringsliv i heile fylket. Vi skal sjå langt fram, vi skal finne sterke sider som skal satsast på, og vi skal sjå kvar vi må bli betre. Heilskapleg berekraft er den raude tråden, seier Jon Askeland, fylkesordførar i Vestland.

Utviklingsplan for Vestland 2024–2028, regional planstrategi, er den overordna planen for samfunnsutviklinga i fylket og blir ny kvar valperiode. Det nye fylkestinget skal ha planen ferdig eit år innan oppstart, for endeleg vedtak i desember 2024.

[Les meir på nettsida til Vestland fylkeskommune.](#)

Kontaktperson

Jon Askeland, fylkesordførar, 47 45 97 20, [jon.askeland@vlfk.no](mailto:jon.askeland@vlfk.no)